

## **Styremøte Norsk spaniel klubb avdeling Rogaland. 11 oktober 2016**

Innkalt av: Leiar Eva Bjelland

Møtetype: Styremøte

Deltakarar: Eva Bjelland, Lisbett Austrått, Charlotte Isabel Hystad, Ketil Simonsen, Siw Gjesdal, og Hans Hodne.

Referat frå forrige møte lest opp og godkjent.

Sak ein: Aktivitetslista. Me har hatt eit år med høgt aktivitetsnivå, nå gjenstår berre jaktprøvar. Det går sin gang. Til neste møte den 6.desember, bør alle i styret ha tenkt igjennom ein liten plan for neste års aktivitetar. Greit å ta utgangspunkt i årets aktivitetsplan. Ein skal ved planlegging av aktivitet ta hensyn til spanielklubbens formål, og ha satt opp eit enkelt budsjett.

Eventuelt: Eventuelt kom opp litt kjapt på dette møtet... - Bruk av såkalla jaktband, medstrup er bevist skadeleg for hunden. Men det er observert i bruk på mange av klubbens aktivitetar, til og med på ganske små kvalpar. Dette ønsker me nok kanskje ikkje... Korleis formidla dette? Kva med haldningar? Ein slags kampanje? Opplysning? Me vil senda det over til hovedstyret, med ein konkret tekst, som Siw og Ketil vil prøva å få til.

Sak to:-Rekneskap og økonomi. – Klubben går greit i pluss i år. NKK Rogaland kan gje støtte inntil 10000 til lokale klubbar sine prosjekt. Hans snakkar med Ida Anette om å få ein engelsk instruktør til jaktkurs på Haugalandet. Eventuelt her hjå oss. Setta opp budsjett, og søka om støtte til dette.

–arrangement for styret: Me vil laga litt meir utav neste styremøte 6. desember. Charlotte finn egna stad til oss.

Sak tre:-Det må nå søkast om utstilling 2018. Eva og Bente i utstillingskomiteen finn datoar, og søker.

Sak fire:-Jaktprøvar 2017. Kva med haugalandet, Ølen? Me vil prøva å få til ein enkel prøve i Ølen, og ein dobbel på Voll og Høle.

Sak fem:-Våre spaniels. Må nå få med invitasjon til årsmøte. Årsmøtet er sett til den 21 februar kl 1900, i Kruse Smith sine lokaler, kanalsletta på forus. Valkomiteen må nå gå i gang med sitt arbeid.

Sak seks:-Me må nå etter kvart finna ny rekneskapsførar. Undersøka om nokon i klubben kunne teke jobben, eventuelt kva det koster å få eit firma til å ta rekneskap for oss.

Sak sju:-Laga arrangement på jaktprøvane. (Facebook) Charlotte får litt bileter og informasjon frå Hans, og ordnar det.

Neste møte den 6 desember. Charlotte finn stad.